



Statens vegvesen

Ard Arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/158491-2

Dykkar referanse:
ard16041

Vår dato:
24.08.2018

Merknad til oppstart av reguleringsplan for Ryland – B11 / B15 – PlanID 125620170001 i Meland kommune

Vi viser til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Ryland – B11/B15 i Meland kommune. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for bustader innanfor felta B_11 og B_15, jf. kommuneplanens arealdel. Frist for merknader er 25.august 2018.

Vår rolle i planarbeidet

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Tema som må ivaretakast

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

Planavgrensing

Den varsla plangrensa er delvis overlappende med varsla plangrense for områdereguleringsplan for Rylandshøgda. Etter vårt syn må ein i desse planane sjå på vegsystemet i området og tilkomst til bustadområda i ein samanheng. Tilbod for gåande og syklende bør også vurderast samla.

Planlegging av fylkesvegar

Statens vegvesen er positiv til at tilhøyrande del av fv. 248 Eikelandsvegen er innlemma i planområdet, inkludert kryss med fv. 248 levegen. Vi ber om at ein i planlegginga legg til grunn Sa2-standard med fortau, jf. handbok N100, med ein totalbreidde på 6,5 meter.

Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalene og at det er avsett tilstrekkeleg areal til dei i reguleringsplanen. Langsgåande anleggsbelte bør vurderast som ein del av planen. I område med krevjande grunntilhøve, må det også dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden.

Tekniske teikningar for reguleringsplan utarbeida i samsvar med Statens vegvesens handbok R700 Tegningsgrunnlag vil vere eit godt utgangspunkt for våre vurderingar. Vi ynskjer å få vegtekniske teikningar og planutkast til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gang, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. Vi ber om at dette vert innarbeida i føresegnene til planen.

Statens vegvesen ber om at det vert regulert inn ein byggjegrænse på 15 meter langs fv. 248 Eikelandsvegen.

Krav om rekkefølge

I planarbeidet må det sikrast trygg skuleveg for bebuarane i dei nye byggeområda. For område B_11 vil vi difor stille krav om at fortau langs tilhøyrande del av fv. 248 skal vere ferdigstilt før igangsetjing av bustadbygging, samt at kryssingspunkt over fylkesvegen skal vere opparbeidd. For område B_15 vil vi stille krav at fortau langs fv. 248 skal vere ferdig opparbeidd gjennom heile planområdet før igangsetjing.

Tilkomst til planområdet frå sentrale delar av kommunen er via fv. 564, og passerar Leiro ved Fløksand. Dagens fylkesveg ved Leiro er i dårleg stand, og det er ikkje ynskjeleg med vesentleg trafikkauke på vegen. Statens vegvesen er difor bekymra for ei utvikling der det leggast til rette for høg bustadutvikling i nordre del av Holsnøy, før denne delen av fylkesvegen har vorte utbetra/lagt om. Statens vegvesen arbeider med reguleringsplan som skal liggje til grunn for ei slik utbetring, og prosjektet er prioritert i Nordhordlandspakken.

Statens vegvesen ber difor om at ein i føresegnene set rekkeføljekrav om at fv. 564 Rosslandsvegen skal vere utbetra ved Fløksand før igangsetting av tiltak i planområdet.

Uttale til oppstartsmelding er ikkje uttømmende, og konsulent skal i planarbeidet gjere vurderingar knytt til avkjørsla, trafikktryggleik m.m.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.